

Tilskot til tettstadforming

Retningslinjer

I kraft 1. januar 2015



Innhald

1	Mål for verkemiddelbruken	2
2	Kven kan søkje	2
3	Tiltak som kan få støtte.....	2
3.1	Bakgrunn.....	2
3.2	Handling.....	2
4	Tiltak som fell utanfor ordninga.....	3
5	Støttesats.....	3
6	Tidsramme for tilskot.....	3
7	Kostnadsoverskriding.....	3
8	Krav til søknad.....	3
9	Vurdering av søknad.....	4
10	Utbetaling.....	4



1 Mål for verkemiddelbruken

Hovudmålet med ordninga er å styrke tettstadens særpreg og eigenkarakter. Ordninga skal sikre allmenn tilgang til felles verdiar og demokratisk medverknad. Den skal brukast til å utvikle og forme komplementære samfunnsstrukturar som er økologiske og berekraftige.

Ordninga skal skape og stimulere til aktivitet som gjer det interessant å bu og leve i sentrum. Fremje vekst og utvikling i folketal, kultur og næringsliv. Ordninga skal vere fleksibel i høve dei kommunale plan- og utviklingsprosessane, og bidra til ny kompetanse knytt til tettstadforming.

2 Kven kan søkje

Kommunane i Sogn og Fjordane.

3 Tiltak som kan få støtte

Tiltak skal styrke tettstadens særpreg, eigenkarakter og sikre felles verdiar og ressursar. Tiltak skal vere økologiske og berekraftige og byggje på stadens natur- og kulturverdiar. Alle tiltak skal bygge vidare på analyser og kartlegging tilpassa stad og føremål.

Tiltak skal vere forankra og tufta på vedteken kommunal plan. Fylkeskommunen prioriterer to ulike satsingsområde:

3.1 Bakgrunn

Analysar, kartlegging og skissering som grunnlag for kommunalt planarbeid og/eller konkrete tiltak.

3.2 Handling

Konkretisering av tiltak som er vedteken i kommunal plan som til dømes skissering i full målestokk (1:1) på staden, prosjektering og bygging av økologiske og berekraftige samfunnsstrukturar for ålmenta.

Nærare omtale – bakgrunn:

Skal innehalde kartlegging av felles verdiar, særpreg og eigenkarakter for staden. Den skal vise eigenskapar, kvalitetar og føresetnader. Dette gjeld klima, landskap, historie og bruk. I tillegg skal kartlegging og analyse vise skisse til tiltak, tolking og klare problemstillingar. Skissering i full målestokk (1:1) på staden bør inngå i bakgrunnsarbeidet. Sjølvstendige arkitektoniske uttrykk med lokal og regional forankring som vekkjer interesse og engasjement for staden. Dette fordrar til ei aktiv deltaking ute i felten og styrka demokratisk medverknad i samfunnet.

Komplementære samfunnsstrukturar (fyller ut kvarandre) i motsetjing til konvensjonelle løysingar (ordinære):

- klimatisering i høve mikro- og lokalmeteorologi
- økologiske strukturar; vegetasjon i soner, drag, felt, forbindingar, «øyer», einskildelement
- blå-grøne strukturar i høve til hydrologi (vatn, bekkar, elvar og sjø) og økologi
- allmenne strukturar for rekreasjon og produksjon



Tilskot frå fylkeskommunen skal ha utløysande effekt. Tilskot skal vere nødvendig for at tiltaket vert gjennomført, eller gjennomført i same omfang og tid.

4 Tiltak som fell utanfor ordninga

Eksempel på tiltak som ikkje får støtte:

- areal som stenger for allmenn bruk - privatisering
- tiltak andre offentlege sektorar har etablert ordningar for
- drift av næringsverksemd og eller organisasjonar
- kostnad til legging av stikkleidningar og leidningsnett i grunnen
- reine reparasjons- og vedlikehaldstiltak
- opparbeiding av veg, vatn, overvatn og avløp
- opparbeiding av parkeringsplassar, tradisjonelle gang- og sykkelveggar, fotgjengarfelt
- anlegg for fritidsbåtar inkludert mudring for, og skjerming av anlegg
- tilrettelegging av næringsområde
- grunnerverv, erstatning og byggjelånrente
- tiltak som vert finansiert med avgifter/leigeinntekter

5 Støttesats

Normal tilskotsprosent er inntil 40 prosent av totalkostnad.

6 Tidsramme for tilskot

Tilsegna gjeld i tre år frå tilsegndato. Dersom tiltaket ikkje er avslutta innan tre år frå tilsegnsdato, fell tilsegna bort.

7 Kostnadsoverskriding

Kostnadsoverskriding knytt til gjennomføring av tiltaket vert som hovudregel ikkje dekkja.

8 Krav til søknad

Frå 1. januar 2014 er det obligatorisk å sende søknad gjennom www.regionalforvaltning.no.

Ut over obligatoriske felt i søknadsskjema må søkjar opplyse om føremålet med tiltaket samt leggje ved relevante illustrasjonar. Illustrasjon skal syne geografisk plassering i Sogn og Fjordane og tettstaden, og tiltaket i sin heilskap.

Søknaden skal innehalde kostnadsoverslag fordelt på hovudpostar, og eit realistisk forslag til finansiering av tiltaket. Kostnadene skal representere tidfesta prisstigning i prosjektperioden. Kostnadsoverslaget skal vere eksklusiv meirverdiavgift for søkjarar med refusjon for avgifta.

Det skal gå fram av søknad om kostnadsoverslaget byggjer på tidlegare arbeid eller anbod. Knyter det seg stor uvisse til det framlagde kostnadsoverslaget, kan fylkeskommunen krevje at det vert innhenta anbod før søknaden vert handsama. Dersom seinare innhenta anbod avvik mykje frå det kostnadsoverslaget som låg til grunn då søknad vart handsama, skal dette gjerast kjend for fylkeskommunen så snøgt som mogeleg. Dette for eventuell korrigering av tilskotsgrunnlag og tilskotet sin storleik.

9 Vurdering av søknad

Fylkeskommunen sine retningslinjer ligg til grunn for vurdering av søknad.

I vurderinga av søknaden blir det lagt vekt på at tiltak:

- skaper nye og sikrar felles verdier i tettstaden
- styrkjer særpreg og eigenkarakter på staden
- sikrar demokratisk medverknad
- styrkjer økologisk mangfald og berekraftig utforming og utvikling
- byggjer på kartlegging og analysar
- er forankra i kommunale plan- og utviklingsprosessar

Søknaden skal vise reell framdrift og gjennomføring.

10 Utbetaling

Følgjande vilkår gjeld for utbetaling av tilskot:

- Fylkeskommunen kan utbetale inntil 25 prosent av tilskotet når tilskotsmottakar har akseptert vilkåra i dette brevet, og arbeidet har starta opp. Dette vert gjort når det er sendt inn signert skjema for stadfesting, vedlagt, og sendt inn oppmoding om første utbetaling i www.regionalforvaltning.no.
- Fylkeskommunen kan betale ut dei neste 50 prosent av tilskotet når vi har motteke dokumentasjon på faktiske utgifter (dømesvis utdrag frå rekneskapssystem) på 75 prosent av totalkostnadane i prosjektet og skriftleg oppmoding om utbetaling.
- Den siste delen av tilskotet kan først utbetalast når aktiviteten er fullført, sluttrapport og revisorstadfesta rekneskap er sendt inn til fylkeskommunen. Fylkeskommunen tek då stilling til om tilskotet skal utbetalast. For ikkje revisjonspliktige føretak kan autorisert rekneskapsfører stadfeste rekneskapen. Oppmoding om sluttutbetaling vert å sende snarast muleg etter prosjektslutt, seinast innan tre månader etter at prosjektet er avslutta. Etter denne dato vil tilskotet verte inndrege.
- I særskilte høve kan prosjektet etter skriftleg søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune få forlenga fristen for utbetaling av tilskotet.
- Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast tilbake utan opphald.

Nærare omtale - sluttrapport til fylkeskommunen:

Sluttrapport vert [offentleggjort på heimesida](#) til fylkeskommunen. Sluttrapport skal leverast i PDF-format.

Framstilling:

1. Tittel
2. Føremål
3. Prosjektomtale
4. Konkrete resultat
5. Refleksjon og erfaring
6. Visuell framstilling av tiltak
7. Kostnads- og finansieringsplan
8. Referansar

Utsetjingar:

Kommunen kan søkje om utsetjing i høve stadfesting av tilskotsvilkår, del- og sluttutbetaling. Søknad om utsetjing må sendast skriftleg til fylkeskommunen.





**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Illustrasjon framsida: Emma Steinsland Hamre